

i u-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag

08/05



Weekend på kvinatun



Hjernen er alene

Leiar

Av: Øystein Bergøy

Der gjekk akkurat klokka frå 16:59 til 17:00. Det er søndagsettermiddag og eg sit i det nokolunde, men overkommeleg kalde datarommet i 2. etasje på Hauskje. Ute er det snø som ligg frå fredagskvelden. Eg vil sjå ut vindaugget for å konstatere at den enno ligg der, men det er mørkt. Når eg tenkjer meg om, kunne eg ikkje ha sett snøen uansett. Vindaugget er nemleg eit takvindu som sjølvsagt vender mot himmelen. Eg kunne jo ha opna det, stukke hovudet ut og sett, men nei. Det er kaldt og eg har dårleg tid. Eg lagar avis. Det er vel greitt nok tenkjer du? Men eg kan fortelja deg at det er ikkje det. Faktisk er det ganske skummelt. Det er nemleg første gong eg lagar avis heilt aleine. Etter rundt 4 år har Henning gått av med velfortent pensjon etter ein hero-

isk innsats som admiral i m/s i u-lage.

No sit altså dekksguten og styrer skuta. I skrivande stund er eg ferdig med å setja tekstane inn i avisa (synes du det høyrer lett ut, så har du truleg rett, men for meg er data og publisher likestilt med gresk og astrofysikk). Likevel manglar det verste: Bileta. O skrekk og gru! Difor bed eg dykk, kjære lesarar, om å ha tol med meg i starten. Eg skal gjera så godt eg kan, men ha ingen forventningar om at eg skal klara å halda Henning sin standard.

Uansett, God jul, og neste nummer kjem (forhåpentlegvis) i romjula og er eit skikkeleg julenummer! Oddvar deltar forresten som gjesteskribent i dette og neste nr. Gled eder!



Redaktør Bergøy redigere bilder (arkivfoto)

Der var det jul igjen

Formannshelsing

Av: Kjell Morten Eggebø

Der var det jul igjen. På Lauvsnes e jule-treet allerede pynta og me har sunge jula inn og gått i fakkeltog. Oppmøtet på arrangementa den siste månaden har vore litt i berg og dalbane, noko som nok har forskjellige årsaker. Bygdeungdomslaget har jo starta opp igjen i desse tider, men dei kveldane me har hatt lite folk på lauvsnes har oppmøtet på BU vore ennå mindre. Så årsaka er nok heller at det er mykje anna som skjer. Men samstundes så er det jo ein utfordring til oss i ungdomslaget at me må stå på og sørge for at folk vil komme.

Men tilbake til jul. Mange er leie av ordet jul. Å det er jo kanskje ikkje så rart, for ordet jul har fått ei merkjeleg virkning. Så fort datoer nærmar seg oktober byrjar folk å setje nettopp dette ordet

framfor alle andre ord, slik at alle ting ein kjøpar eller gjer eller et har jul i seg.

Slik er det jo og med starten av lukas evangelium, det har fått namnet JULE-evangelium. Og eg har ein følelse av at for mange er forteljinga om Jesus i krybba bare eit eventyr dei får høyre kvar gong det er juleferie.

Så mi oppfordring til julaften i år er å lese i fra johannes evangelium kapittel 1. 1-18.

Der kan du lese evangelie delen av jule-evangeliet, det står ingenting om verken Maria eller krybba eller englane eller eselet eller gjetarane eller dei tre vise mennene eller myrraen eller røykjelsen, men det står om at han som har vore i all evighet og som har skapt alt kom til jorda for å lyse opp i mørkret på jorda, og i

vers 12 kan ein lese det viktigaste av alt at alle dei som trur på han, dei får verte borna hans.

Joh .1 .14

Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss. Og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning.

Joh . 1.11 -12

Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han. Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.

God Jesu fødsel feiring

Som Guds barn er du uerstattelig

Andakt

Av: Hanna Nordbø

Eg satt nere i kjellaren på datarommet vårt, og prøvde å skriva. Så smalt det høgt utføre..! Gronnen va at far drive å sprengje, fordi me ska bygga ud huset. Eg skvatt så eg trudde eg sko detta på golvet, heilt uforberedt på den høge og skremmande lyden. Det e vel forståelig at eg syns dette va ein smule skummelt?

Men mitt problem e at eg ofta e redde. Irriteranes ofta faktisk. E av den lettskremte typen som kan komma te å hiva seg på golvet i frykt for å bli drept. Det kan hørras ud som eg tulle nå, men enkelte vitner kan bekrefte at det e sant. Sånn e det bare. Heldigvis e ikkje alle slig (takk og pris for det!)

Men sjøl om ikkje alle e liga lettskremte og hive seg på golvet for den minste ting, så e me alle redde av og te. Ein del gonger e det faktisk ein god gronn te at me e redde og, då må redselen bli tatt alvorligt og ikkje ledd av. Sånne gonger e det vanskelig å vera aleina. Det kan virka så meiningslaust og håblaut alt. Me trengje å ha någen der å snakka me, någen me kan få trøst av og så gir oss håbe tebage. Desse "någen" kan vera mången forskjellige egentlig, ofta e de venner og familie som stille opp.

Men det e ikkje allti di e der akkurat når ein trengje di som mest. Då syns eg det e så fint at Jesus e i livet mitt. Han e ein venn som allti e der for meg. Men ikkje bare for meg. Kanskje någen e uenige i dette, fordi di har følt at han har vore

langt vekke ei stonn han burde vore veldig nær. Men han har sagt:

*"Ver ikkje redd, for eg er med deg!
Sjå deg ikkje rådvill ikring,
for eg er din Gud!
Eg styrkjer deg og hjelper deg
og held deg oppe med mi frelsarhand."
Jes 41,10*

Eg har valgt å tru på at det e sant. Det gir meg trøst å veda at Jesus e der, uansett ka som måtte skje. Me blir aldri heilt aleina viss me ikkje ønske å vera det. Det kan følást sånn, men det trengje ikkje å vera sånn. Dette e ein ting eg e veldig takknemlige for.

Takk, Henning!

Takk og stillingsannonse

Vel, då har eg (Øystein) teke over avisa heilt. Henning har trukke seg tilbake og er no "berre" ansvarleg for nettsida vår. Eg vil først og fremst få takka Henning på vegne av alle som har hatt noko med i u-laget å gjera: Tusen hjarteleg for den glimrande og uvurderleg viktige jobben du har gjort for og i avisa!! Utan din innsats tviler eg på at avisa ville overlevd etter Kåre slutta som redaktør. Den hadde i alle fall sett mykje annanleis ut, og nettsida hadde ikkje eksistert.

Eg trur ikkje det er mogleg å tenkja seg dei antal timar Henning har lagt ned i u-lage i ein eller annan form. Han er den som har designa avisa (før det hadde avisa ein handteikna logo og blei utforma med word art, for dei som kjenner til det.). Han er den som har skapt og utforma nettstaden iulage.no og han er den som har redigert tekst, bilete og skrivje ut avisa i ei lang tid.

Det seier seg sjølv at eg ikkje har

moglegheit til å koma i nærleiken av det nivået Henning har haldt. Heldigvis driv Henning for tida stadig nettstaden, Terje har sagt seg villig til å skriva ut avisene våre (Hjarteleg takk Terje!) og dei som har ansvar på arrangementa frå hovudstyret får andre til å skriva eller skriv sjølv frå arrangementa sine. Likevel er det nærast umogleg for meg å driva avisa utan at eg får litt meir hjelp. Difor hadde eg sett stor pris på om nettopp DU kunne vore med meg. Eg hadde håpa på at me kunne fått til ein liten redaksjon. Til den treng eg:

1. Ein journalist som kan laga reportasjar, intervju eller anna snadder - håper å få ein ivrig person som vil krydra avisa!

2. Ein bilderedigerar/avisredigerar – er du relativt stø på data? Då håper eg av heile mitt hjarta at du kan hjelpa meg her. Avisa treng ein som kan redigera sjølve avisa og bileta på ein god måte

(elles kan de få bilete som er uskarpe og for mørke eller for lyse e.l.) Du vil få det nyaste innan Adobe sine bilderedigeringsprodukt heilt gratis (m.a. elements og photoshop!)

3. To fotografar – det hadde vore flott om avisa kunne fått to personar som oppbevare kameraet og tok bilete frå arrangementa. No er praksisen slik at kameraet ofte blir overlete til folk som ikkje er så klare over korleis når ein bruker blits og korleis ein skal gjera bileta skarpe.

Eg håper verkeleg at du har lyst å vera med! Send meg ein melding, ring meg eller send meg ein mail. Telefonnummer mitt er 99271652 og mailen er redaktor@iulage.no.

Ikkje nøl med å ta kontakt, vær så snill!!

Beste helsing,
Øystein

Haustweekend

Fra 21. oktober

Av: Anders Trahaug

Det siste året har Ungdomslaget vore i eit svært så nytenkjande sinnelag. Me som har vore ein del av ungdomslaget i opptil fleire år, har den siste tida vandra rundt i ei endelaus frykt for stadige inngrep i våre ellers så rutinstyrete liv. Til dømes: fredagar uten stikk-innom, nyttårsfeiring i fleirbrukshallen, og som om det ikkje var nok, skulle altså Suldal bedehus sleppe besøk av finnøyungdommen i haust. Ny destinasjon var Kvinatun i Kvinesdal.

Sjølv om Suldal har sine attraksjonar; flygel, gamle damer på rømmen, og den lokale ungdomsbefolkningen, kan ikkje dei harde bedehusgolva ta opp kampen mot sovefasilitetene som møtte oss på Kvinatun.



Haustweekend e ti for nærhed. Frå venstre: Kristoffer, Roger og Bjørnar.

Eg og Kjetil mistenker nokon i arrangementskomiteen for å tykkje svært godt om oss ettersom me fekk eit firemannsrom med toalett og dusj for oss sjølve, medan Kristoffer, Kjell Morten og Øystein var innkvatert på eit tomannsrom. Etter mykje om og men klar-te Øystein å knega seg inn på vårt rom. Men for meg, som gløymer liggjeunderlag nærmast kvart år, og har låge fleire netter sammankråpen inntil veggovnene på Suldal med istappar hengande frå nasen, var ikkje dette tida for å klage.

Under store omveltningar er det viktig å holde fast på somme ting, slik at ikkje alt verkar nytt og ukjent. Difor var suppa så godt som klart då me kom, og som alltid tok nokon seg av den obligatoriske matgrisinga. Seinare fekk me hilsa på helgas talar, Geir Erik ?Giggen? Børresen. Talen på fredagskvelden var som National Geographics pluss Søndags-åpent delt på to, og omtala Jesus, ørnere-det, ørnemor, ørnevinger og og ein mengde andre ørneting. Ellers gjekk fredagen som vanlig ut på tull og vas, men i motsetning til sist gong ungdomslaget var på tur, var tull og vaset bare av ein uskuldig karakter.

Tradisjonelt er lørdagen dagen der konkurransjuke idrettsfolk kan få utfolde seg og feire sitt ego, men i år var det fleire ulike aktiviteter å ta del i. Spele fotball, spele volleyball, bade i basseng, steike vaffler til alle oss andre, eller bare ganske enkelt slapp av. I bassenget gjekk det, ettersom eg har forstått, som det måtte. Folk havna i bassenget uten at dei hadde tenkt seg der sjølv, og enkelte følte ein trang til å vise meir hud en det som vanlig er. Me som spelte fotball gjorde den gigantiske feilen å invitera med eit lokalt tilfelle, som viste seg å var altfor god. Dermed endte fotballen i frustrasjon, og alt eg klarte å tenka på var å påføra denne 3.divisjonsspelaren så mykje smerte som mogleg. Talen på lørdagskvelden var altfor lang og innholdsrik til at eg kan gjengi den her, men det er iallefall sikkert at den gjorde et sterkt inntrykk på alle som var til stede.

Underholdningen bestod stort sett av leker, men med ein sjelden stor entusiasme blant deltakerane. Nattsamlingen var kanskje den lengste eg kan huska, men det gjorde ingenting, for som alltid var den inspirerende og berikande. Søndagsmorgen kom eg meg for ein gongs skuld opp tidsnok til å få frukost. Der fekk med servert vanleg brødmat, samt ein pastablanding som blei liggande som ein sementsekk i magen til langt ut veka. Til og med vaskinga gjekk greit på denne turen, etter det eg kunne sjå iallefall. Mange, særleg dei ansvarlige, var nok litt uroa for korleis denne turen skulle gå, ettersom sist vekeslutt-tur ikkje var noko spesielt festlig. Men eg trur dei fleste var nøgde med turen, og dei grepa som blei gjort for å få orden på ein del utenomsportsleg oppførsel fra Stavtjørnturen.



"Koss va d nå? Lisa gikk til skogen... Nei. Koss fillen va d?!"

til Kvinatun

til 23. oktober



"Åååå! Nå tar han den siste lappen! Du lovt at eg sgo få den!!"
-Kjelli blir sure.



Tannkrepoker; den meir hygieniske, men desto meir kvalmande versjonen av vannpoker e blitt populært i dei hardaste Eggebø/Nordbø-iljøå.

Weekend-intervju

Av: Terje Madland

Spørsmål 1. Ka syntes du va de kjek-kaste på weekend?

Sp.2 har du vore på weekend før? Viss t.. skilte denne seg ud?

Sp.3 syntes du at du fekk valutta for pengene?

Sp.4 ka syntes du om kvinalun?

Sp.5 ka syntes du om andaktane og Giggen?

Renate

1 d va veldig kjekt. Kul onahålning å at kjelly valte meg t å få gratis weekend.
2 ja Suldals weekend. Denne va bedre enn den!

3 jada d va de vert;)

4 fint. D va bedre enn Suldal.

5 inspirerende å veldig kjekt.

Endre

1 alt va kjekt!

2 ja. D va ei konge helg!

3 litt stiv pris men står i d.

4 grei plass d.

5 Giggen va VELDIG flink!

Hanne

1 kjekk helg men gørr vei å kjøra.

2 joda. Kvinalun va møje bedre.

3 ja. De va d.

4 herlig me egen dusj å do me lås!

5 Giggen forklarte ting på ein forståelige måte

Donatas

1 ja idrett va kult og at giggen va me va et stort pluss.

2 nei.

3 nja. Joda greit d.

4 d va fint, kjekt og flotte rom.

5 han va løyen en seriøs på sama ti. Å d va tøft då han fortalte ting som hadde hent i vighgheden.

Fotballkveld

5. november

Av: Jakob Steinnes og Odd Bergøy

Folka som denne kvelden ankom Lauvsnes, kom til eit hus fylt med supportareffekter frå topp til tå.

Dørene opna kl 2030, men på grunn av store forventningar til denne kvelden kom mange allereie klokka 2000. Noko som fekk banemannskapet til å stressa litt før kampstart. Det var svært få som møtte opp i supportar utstyr denne kvelden. Men dei som gjorde det hadde ikkje spart på effektane.

1. Omgang byrja med to filmklipp. Den eine om store fotballhendelsar og den andre var ein leksjon i korleis ein skal scora eit vakkert mål. Så kom noko som dei fleste fotballfrelste interesserer seg for; tipping. Her var det henta ut ein serie runde frå Premier League 96/97 sesongen. Resultatet var skuffande og vinnaren hadde ynkelege brette. Etterpå heldt eks-dommar Erik Rørtveit ein andakt om å bruka det talentet ein har fått. Før pausen var det rapp-kjeft og "sofasupportaren". Sistnemnde leik gjekk ut på å drikka ei flaske eplemost

og eta ein kopp peanøtter, det gjaldt naturlegvis å gjera dette på raskast mogleg tid.

I pausen vart det delt ut pølser (vanleg mat på tribunar) og te (vanleg drikke for engelske fotballspelarar). Det vart også gjort klart for det mange såg på som kveldens høgdepunkt; FIFA2004 på

stortskjerm.

2.Omgang gjekk stort sett med til å spela FIFA, med fotballsongar i bakgrunnen. Denne kvelden vart det både overtid og lange ekstraomgangar, før siste fløyte-signal gjekk og dørene stengde. Forutan om nokon få hooligans var det fin oppførsel, og det vart bare utdelt eit gult kort.



Ungdomsmøte

12. november

Av: Liv Elise Landa

Ungdomsmøte, landskamp, ungdomsmøte..eller landskamp? Sjølvsaft førstnemnte!Med ett godt handtrykk ankom eg Lauvsnes denne kvelden, som også alle andre rettprioriterane=)

Dette møte skulle visa seg å bli eit meget så godt møte (i forhold til fotballen..). Temaet for kvelden var bønn. Eirik hadde ein goe tale om ka, kossen, å kor me kan be/ snakka med Gud.

Han fortalte og om kor vitikt det e i ein samtale at begge får komma t ordet. Alså må me ta oss ti t å hørra Gud snakka t oss. Å sjøl om me ikkje allti får dei svarå me vil ha, så svare han oss. D har han lovt. Å han svare alltid sonn han vett e best for oss!

Någen romantiske bilder fekk og vår tidligare ungar putta inn i powerpint-framvisningå si. Eg huske ikkje i ka sammenheng dette va... menmen.Romantisk va d=) Uansett.. Kjempe tale Eirik!

Andre fasilitetar dette møte bestod av

forbønn å herlige sang av unge Flesjå å minsten Vignes. Itte møte va slutt fant me gule å veldikt kule prisar i kiosken. To kroner for ein kakao e ein herlige pris for oss studentar.

T slutt vil eg bare avslutta med ett veldikt fint bibelvers:

Matt:7.7-8

Be så skal dere få. Let så skal dere finne. Bank på så skal det bli lukket opp for dere.

For hver den som ber, han får, den som leter finner, og den som benker på, skal det bli lukket opp for.



Til venstre:
Ungdomsmøte,
Kristi lede opp-
varmingå før
andakten.



Til høyre:
Film og popcorn,
Ole og Odd tar
någen gamle
slagrarar.

Film og pop- corn

26. november

Av: Marit Vastveit

**Når eg kom inn dørrå på lausnes
lørdags kvell va d ei brent lokt så
møtte meg.**

**Eg blei fortalt at d va Kristine og
Netta så hadde prøvd å lag pop-
corn i mickroen.**

D va rigga t for å se på film i mødesalen,
men fysst va d ein liden åndelige del av
Ole og Odd. Me sang «tett ved siå meg
går Jesus».Her fekk me hørra at Sivert-
sen jr. har arva någen fine tonar fra far
sin, Asbjørn Sivertsen.;) D blei ein liden
konkurransen om filmen me sgo se. f.eks.
Kor lang e filmen? Ka hette dei så spele
tyvane? o.l

Så va me klar for «Hjemme alene 1».
Men någe problemer me videoen (.eller
någe sånnt) viste seg å dukka opp. Men
Ole og Odd lot seg ikkje stoppa, d tog
kje lange tid før dei va klare me etter-
kommaren «Hjemme alene 3» . Publi-
kum godtok erstatningen å me satte
igang å se på vidunder filmen. Itte ei
stonn kom Ole inn me ei eska full av
mandariner, så an skrøyda godt av at han
hadde kjøbt. D va ein sjefs kvell takket
vera Ole og Odd =)

Skilt ved fødselen



NOKAS-tiltale David Toska.



Ikkje fullt så farlige Steinar Bleie



Popstjerna, filmflopp og gudd:
Britney Spears



Elektrikarlærling, avløysar og ikkje så gudd:
Lars Reilstad

Innsendt av Lars Vangen

JUL

Av: Oddvar Vignes

Nå nærme de seg jul igjen. De gjere de jo kvart år rundt desse tider. Men e egentlig jula nå den same som før?

Då eg va liden, så va jul fantastisk. De va isje bare de me presangar, men alt styret rundt og. Mor far og kåre sprang rundt som piska skinn, og gjorde alt klart i huset. Strengt tatt så va de vell mor og kåre som gjorde de mesta av husarbeidet inne. Far holdt seg klokkelig ude i fjoset, eg holdt meg klokkelig lagt vekke frå begge deler. Meg å Dorrit fant tidlig ud at viss du e sure og ufyselige nok, så sleppe du å gjera noge i det heile tatt faktisk. Den lærdommen fekk kåre aldri me seg. Men uansett, de va ein ting far kom inn te, oppsettingen av juletre. I Familien Vignes kan isje oppdaging av ett absurd stort narkotikamisbrug skapa meir sjau enn å setta opp julatre. I filmar e dette den mest idylliske av heile julå, men isje sjå oss. Sodoma og gomorra, treet e for kort, treet e for langt, treet har for mange kvister, treet har for få kvis-

ter, alt e gale. Men de e når foten ska settas opp att de virkelig blir gale. For koss kan ein nogen gang få ett perfekt kutta juletre? ALDRI!! I alle fall isje hoss oss. Men men, de blir pynta te slutt (av mor og Kåre, i enkelte sjeldne tilfeller Dorrit), og de ser som regel bra ud.

Juledagen va jo alltid fin. Tegnefilmer og "Askepott, Aaaaaaskepott" va jo ein herlige start på dagen. Resten av familien gjekk som regel i kirka, eg holdt meg klokkelig vekke der fra og. Der e nok av andre dager å gå i kirka på, der de e bedre plass enn julafta. Hadde eg bare gått nogen andre dager av året, hadde eg hatt ett skikkeligt godt argument for å isje gå på julafta. Men men, så lenge slekta e representert, så føle eg meg på trygge grunn.

Resten av dagen va jo alltid forma av når mor måtte gå på jobb. Enten så fekk me ei avstumpa julafta, ei så starta litt seint, og av og te hadde mor fri. Itte at onkel og tante slutta å komma inn på jul, så va de alltid oss og Dadda, av og te mormor og morfar. De va nok folk de, me hadde

de alltid kjekt. Pakkane va de viktigaste, og dei skoffa aldri. Einaste gongen va då Kåre hadde laga Kurong bord te meg av rein søskenkjærleik. Eg blei rasande i reint søskenhat. Eg va ein useddvanlig ekkel onge, de må seis. Eg velge å skylda de på det harde miljøet eg vanka i på Judaberg.

Nå har eg vell blitt vaksen trur eg, e de de sama? Mja. I dei siste årene har me vore på Hjelmeland. Der gjekk eg glipp av min Onkel Arne sin fantastiske opptreden i kirka, så der har eg begynt å gå i jula. Treet blir pynta, men eg e isje heime når det skjer. Kåre og mor lage te jul fortsatt, men nå har eg gyldig fravær. På Hjelmeland komme eg og te dekkja bord. Pakkane e jo fortsatt stas. Men de viktigaste nå e faktisk å sjå min familie igjen, De e isje så ofta lenger, og derfor e de fantastisk når me treffs igjen te jul. Julafta blir ein bekreftelse på familieforholdet, og ein kjenne att de e godt å vera samen på ein sånn dag me dei som du e mest glad i. De e ein god og trygg følelse øve julafta. De har kanskje noge me att eg e blitt nogen år eldre?

Nyttår 05/06

Redd for å lide av kjedsomhet på nyttårsaften? Fortvil ikkje lenger! Ungdomslage arrangere og i år storslagen nyttårsfest!

I år er festen tilbake i trygge omgjevingar på Utsyn Ungdomssenter etter ett år i villfarelse i hallen. Så viss du e klar for ein heilafestens nyttårsfest fullpakka med sketsjar, leikar, videoar, rakettar, vitnesbyrd, lovsang og ikkje minst ein staseleg middag, så e du hjarteleg velkommen! Dørene opne 19.00 og 19.30 brake festen laus. I elleve tida fer dei som vil det avgare til kyrkja for å delta på midnattssamlinga. Etter at raketane er avfyrt og det nye året er innvia, fortset festen for så å vare ut i dei seine nat-

tetimar.

Pris: 200 kr. Medlemsrabatt kr 50. Vil du vere med så skynd deg å melde deg



Nyttår 04/05. I år går d rykte om at fyrverkerie blir ennå heftigare enn dette! D kan du då vel Umuuuligt gå glipp av!

Kommande arrangement

Fredag 23. desember

Lille julaftansamling

Måndag 26. desember

2.dagsfest

Laurdag 31. desember

Nyttårsfest

Laurdag 7.januar

Restefest

Kopiert hjå:



BYGGMAKKER Ladstein

Fordi det lønner seg!



NORDBOHUS

Ladstein Bygg as

Tenk nytt - Bygg i Finnøy!